



Ingunn Olsen vaskar vindauga før skulestarten

Tysdag møter lærarane på skulen og torsdag kjem elevane. Dei er 114 som er 4 færre enn i siste skuleår, men det er ikkje usannsynleg at talet til auka slik det gjorde i fjor då det kom 3 i tillegg.slik at det vart 118
Det avheng av eventuell innflytting i bygda i den seinare tid. Den har rektor Marie Elisabeth Kaldestad førebels ikkje oversikt over. Personalet er uendra og rektor uttrykkjer glede over kontinuiteten og over å ha ein godt utdanna og kvalifisert stab.

Det er imidlertid fleire justeringar fagleg sett. Ein er at det er lagt inn 5 lesereitleingstimar i veka som er fordelt med 3 på Elisabeth Amundsen og 2 på Odd Steinar Arnesen, Rektor strekar under behovet for meir lesetrening - det er klårt dokumentert i praksis.

Lesing er eit prioritert satsingsområde på skulen og gode resultat er registrert. Nynorsksenteret har gjennom fleire år satsa på vår skule i så måte. Alle elevar som treng ein eksta stimulans vil få det.

Ei anna nyhende er at det skal startast skulekor att etter 4 års opphald og her er Rannveig Helleland og Maria Larsen tildelt 2 timar i veka. Dei har solid fagleg bakgrunn for dette oppdraget

Og utifrå målsetjinga om meir kreativ satsing er det sett av ein time i teikning i veka som Mona Helvik skal ta seg av. Ho var ny i fjor.

- Sjølv puslar eg med fornying av møblar og persiennar og så er eg sjølv sagt spent på koeis det går med rehabiliteringa, seier rektor Marie Elisabeth og fortel at det har kome eit brev til FAU frå kommunen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Rektor Kaldestad er fornøgd med staben